

Barnevern 2012

Tall fra Statistisk Sentralbyrå (SSB)



Norsk Fosterhjemsforening


Fleire barn under omsorg

I 2012 mottok 53 200 barn og unge i alderen 0-22 år tiltak fra barnevernet, dette er ein svak vekst på 2 prosent frå 2011, og den lågaste veksten siste 10 år. Veksten i delen barn og unge under omsorg var heile 6 prosent, som er meir enn 500 fleire barn enn året før. Dette er den kraftigaste oppgangen på 5 år.

Hovudtal for barnvernsstatistikken - Publisert 26. juni 2013

	2008	2009	2010	2011	2012
Barn med barnevernstiltak i løpet av året	44 167	46 487	49 781	52 098	53 198
Hjelpetiltak	36 290	38 700	41 708	43 613	44 203
Omsorgstiltak	7 877	7 787	8 073	8 485	8 995
Oslo	4 882	5 185	5 539	5 526	5 395
Region aust	9 897	10 583	11 429	11 961	12 186
Region sør	8 786	9 049	10 200	11 045	11 086
Region vest	9 068	9 533	9 835	10 058	10 532
Region Midt-Noreg	6 372	6 604	6 965	7 372	7 724
Region nord	5 162	5 533	5 813	6 136	6 275
Nye barn med barnevernstiltak i løpet av året	11 760	12 767	13 727	14 241	14 032
Undersøkingssaker starta i løpet av året	27 850	30 135	32 858	35 090	34 591
Undersøkingssaker avslutta i løpet av året	27 142	29 897	32 692	35 878	36 652
Årsverk i barnevernet per 31.12	3 294,2	3 415,5	3 525,8	4 016,9	4 375,2

Barn 0-17 år med omsorgstiltak per 31. desember per 1 000 barn 0-17 år, etter fylke. 2012



Til tross for ei auke til i alt 9 000 barn og unge i alderen 0-22 år med omsorgstiltak i løpet av 2012, var det likevel hjelpetiltak som vart klart mest brukt. Av dei 53 200 barna med tiltak frå barnevernet i 2012, mottok 83 prosent hjelpetiltak og 17 prosent omsorgstiltak. Denne fordelinga har vore omtrent uendra dei siste åra. Frå 2011 til 2012 er det registrert den svakaste veksten dei siste ti åra, både i talet på barn i barnevernet og barn med hjelpetiltak, høvesvis 2 og 1 prosent.

Nær 9,9 milliardar kroner til barnevern

Totale brutto driftsutgifter auka med 1,1 milliardar kroner frå 2011 til 2012. Dette er ein vekst på nesten 13 prosent, noko som er litt lågare prosentvis vekst enn dei to føregåande åra. Driftsutgiftene gjekk mellom anna med til å dekke løn til 4 375 årsverk registrert i barnevernstenesta ved utgangen av 2012. Det er gjort endringar i innrapporteringa av årsverk i barnevernstenesta for 2012. Difor kan ikkje talet på tilsette samanliknast med tidlegare år.

Flest under omsorg i nord

I Finnmark var det nær 12 per 1 000 barn i alderen 0-17 år som var under omsorg ved utgangen av 2012. Tala viser at det er i fylka Finnmark, Nord-Trøndelag, Nordland og Troms at det er flest barn under omsorg. Til samanlikning har Akershus den klart lågaste delen av barn under omsorg med rett over 4 per 1 000 barn. For heile landet var gjennomsnittet på 7 barn per 1 000 barn i 2012, ei auke frå 6,5 barn i 2011.

Mange tiltak vert mindre nytta

I løpet av 2012 vart det i heile landet registrert 120 200 barnevernstiltak. Vedtak om råd og rettleiing er det mest nytta tiltaket, heile 21 200 slike tiltak vart registrert. Nesten 40 prosent av alle barn med tiltak i løpet av 2012 fekk råd og rettleiing. Andre tiltak som er mykje brukte er besøksheim og økonomisk hjelp som høvesvis 20 og 19 prosent av barna nytta seg av i 2012. Det var også mange av dei tradisjonelle tiltaka som vart mindre nytta, tala syner blant anna ein nedgang i bruken av tiltak som fritidsaktivitetar, barnehage, besøksheim, økonomisk hjelp og støttekontakt.

Alle typar plasseringstiltak har derimot auka, særleg beredskapsheim. Dette er noko som også kjem fram i utgiftstala publisert i KOSTRA, der mykje av auka i utgifter er knytt til plasserte barn, ikkje til barn som får hjelp heime.

Fleire plasserte barn

Ved utgangen av 2012 var vel 38 700 barn og unge registrert som mottakar av tiltak frå barnevernet. Dette er om lag 700, eller under 2 prosent, fleire enn året før. Av barna med tiltak var 36 prosent eller 13 900 barn og unge plassert utanfor familien, enten som hjelpe- eller omsorgstiltak. Talet på plasserte barn auka med nær 6 prosent frå utgangen av 2011.

Nesten 10 per 1 000 barn og unge mellom 0-22 år var plassert ved utgangen av 2012. Av desse budde nesten 7 av 10 i fosterheim, som er den vanlegaste staden for plassering nytta av barnevernet. På slutten av 2012 var det heile 25 prosent fleire plassert i beredskapsheim enn på slutten av 2011.

14 000 nye barn i barnevernet

I 2012 var det i overkant av 14 000 barn med tiltak som ikkje var registrert i barnevernet året før, ein nedgang på vel 1 prosent frå året før. Av dei nye barna har om lag 96 prosent hjelpetiltak, medan 4 prosent har omsorgstiltak. I 2012 var det 510 nye barn med omsorgstiltak. Talet på omsorgstiltak blant dei nye barna har gått opp 19 prosent frå 2011, men over tid ser ein at dette talet endrar seg mykje frå år til år.

Nedgang i økonomisk hjelp for nye barn

Dei mest brukte tiltaka for nye barn i barnevernet var vedtak om råd og rettleiing og andre tiltak. Til saman dekkjer desse 45 prosent av alle tiltak for nye barn i barnevernet. Blant nye barn er likevel økonomisk hjelp det tiltaket som har hatt den største reduksjonen i absolutte

tal frå 2011. Dette tiltaket vart brukt omlag 1 600 gonger i 2012, nesten 230 færre gonger enn i 2011. Dette er ein nedgang på over 12 prosent. I tillegg har både barnehage og fritidsaktivitetar blitt mindre brukt for nye barn i barnevernet i 2012, tiltaka hadde ein reduksjon på høvesvis 20 og 21 prosent frå året før.

Som tidlegare år var det for dei nye barna foreldra (mor/far/føresette) og skule som oftast meldte frå til barnevernet, med høvevis 14 og 13 prosent av meldingane. Frå 2011 til 2012 hadde barnevernstenesta ein markant vekst på 17 prosent i talet på gonger dei meldte i frå, og dei sto for 12 prosent av meldingane i 2012.

Lågare vekst i ettervernet

Talet på unge mellom 18 og 22 år som mottok tiltak frå barnevernet var vel 6 600 i 2012. Dette var ei auke på 6 prosent frå 2011, som er ein lågare vekst enn i dei to føregåande åra. Det er stor skilnad mellom fylka i Oppland var det ein vekst på 20 prosent i unge med ettervernstiltak, medan det var registrert ein nedgang på 5 prosent i Troms.

Fleire gutar enn jenter i barnevernet

Som tidlegare år var det fleire gutar enn jenter i barnevernet i 2012. I løpet av 2012 mottok 29 100 gutar tiltak, medan 24 000 jenter gjorde det same. Blant dei nye barna i barnevernet var det ein noko høgare prosentdel jenter som mottok tiltak enn blant alle barna i barnevernet.

Færre undersøkingar i 2012

Det vart totalt påbyrja nær 34 600 undersøkingar i 2012. Dette er om lag 500 færre undersøkingar enn i 2011, ein svak nedgang på vel 1 prosent. Dei siste 5 åra, frå 2007 til 2011, har det vore vekst i talet påbyrja undersøkingar på mellom 7 og 11 prosent, dermed skil 2012 seg ut med ein nedgang. For barn mellom 0-17 år var det omlag 30 påbyrja undersøkingar per 1 000 barn i 2012. Halvparten av alle meldingane som førte til undersøking kom frå barnevernstenesta, skule, foreldra (mor/far/føresette) og politi/lensmann. Den andre halvparten av meldingane kom frå 16 andre ulike instansar som til dømes barnet sjølv, naboar, barnevernsvakt, helsestasjon/skulehelseteneste, barnehage osv.

Kortast behandlingstid i Telemark

I 2012 vart det avslutta 36 650 undersøkingar, dette er vel 2 prosent fleire enn i 2011. Om lag 47 prosent av desse vart avslutta med vedtak om å sette i gang tiltak. Dei siste 10 åra, frå 2003 til 2012, har delen undersøkingar som førte til tiltak gått ned frå om lag 52 prosent i 2003 til 47 prosent i 2012. Samstundes har talet på avslutta undersøkingar auka med meir enn 80 prosent i denne perioden.

Den gjennomsnittlege behandlingstida for ei undersøking var på 85 dagar i 2012. Telemark er det fylket, i år som i fjor, med kortast gjennomsnittleg behandlingstid av undersøkingar. Her blei ei undersøking i snitt ferdig behandla etter 67 dagar. Fylka med lengst behandlingstid var Nordland med 103 dagar og Sør-Trøndelag med 101 dagar. Undersøkingar skal i følgje barnevernloven gjennomførast innan tre månader, maksimalt innan 92 dagar, men i særlege tilfelle kan barnevernet få utvida fristen til seks månader. I 2012 hadde om lag 10 prosent av undersøkingane behandlingstid på over 6 månader i Nord-Trøndelag, Nordland og Finnmark.

Stadig fleire barnevernstenester i interkommunalt samarbeid

Av 429 kommunar var 183, eller knapt 43 prosent, organisert i eit interkommunalt samarbeid ved utgangen av 2012. Veksten i interkommunalt samarbeid held fram og er på same nivå som førre året. Det har vorte færre kommunar som organiserer barnevernstenesta si som ein del av NAV, berre 14 kommunar oppgjev dette for 2012.

Fleire barn flytta

Det var registrert vel 2 900 barn som mottok plasseringstiltak og flytta i 2012. Dette er nesten 12 prosent fleire enn året før. Under 5 prosent av barn og unge flytta 3 eller fleire gonger. Heile 42 prosent av dei som flytta var i alderen 13-17 år. Se fullstendig oversikt under.

Barn flytta i løpet av året av barn plassert utanfor heimen, etter alder, tal på flyttingar, tid og statistikkvariabel

	2010	2011	2012
	Barn flytta	Barn flytta	Barn flytta
0-2 år			
1 gong	142	151	191
2 gonger	55	43	43
3 gonger	8	8	11
4 gonger	1	0	0
5 gonger	0	0	0
3-5 år			
1 gong	116	180	188
2 gonger	36	26	37
3 gonger	6	3	6
4 gonger	0	0	1
5 gonger	0	0	1
6-12 år			
1 gong	437	436	507
2 gonger	85	80	106
3 gonger	14	11	21
4 gonger	0	0	2
5 gonger	0	1	1
13-17 år			
1 gong	783	837	915
2 gonger	198	210	242
3 gonger	53	53	60
4 gonger	6	9	4
5 gonger	5	0	4
18-22 år			
1 gong	407	511	497
2 gonger	74	53	58
3 gonger	12	4	15
4 gonger	1	1	4
5 gonger	0	0	0

Barn med plasseringstiltak per 31. desember, etter type plassering, hjelpe- og omsorgstiltak, region og fylke. 2012

	Plasserte i alt	Hjelpetiltak						Omsorgstiltak					
		Totalt	Fosterhjem	Barnevern sinstitusjoner	Andre behandlings instit.	Beredskaps hjem	Egen bolig/hybel	Totalt	Fosterhjem	Barnevernsinstitusjoner	Andre behandlings instit.	Beredskaps - hjem	Egen bolig/hybel
Alle	13 917	6 111	2 621	842	33	403	2 212	7 806	7 011	536	30	219	10
Region Øst	3 018	1 427	620	209	13	90	495	1 591	1 426	115	.	49	.
Oslo	1 278	599	235	103	3	24	234	679	540	123	5	10	.
Region Sør	3 085	1 397	644	155	2	79	517	1 688	1 568	64	8	43	5
Region Vest	2 817	1 165	517	226	9	87	326	1 652	1 493	88	9	59	.
Region Midt-Norge	2 033	825	374	91	4	70	286	1 208	1 082	102	.	20	.
Region Nord	1 686	698	231	58	.	53	354	988	902	44	4	38	.
Østfold	837	345	190	70	.	18	66	492	425	40	.	27	.
Akershus	1 102	535	164	80	6	37	248	567	509	48	.	10	.
Oslo	1 278	599	235	103	.	24	234	679	540	123	5	10	.
Hedmark	572	277	127	31	5	15	99	295	269	20	.	6	.
Oppland	507	270	139	28	.	20	82	237	223	7	.	6	.
Buskerud	829	381	199	33	.	23	125	448	415	16	4	12	.
Vestfold	798	345	144	41	.	34	125	453	423	15	.	12	.
Telemark	559	271	105	37	.	12	117	288	263	14	.	9	.
Aust-Agder	342	184	97	14	.	6	67	158	148	7	.	2	.
Vest-Agder	557	216	99	30	.	4	83	341	319	12	.	8	.
Rogaland	1 288	517	223	91	4	47	152	771	692	36	5	36	.

Hordaland	1 290	532	219	130	.	36	144	758	683	48	4	23	-
Sogn og Fjordane	239	116	75	5	.	4	30	123	118	4	.	.	.
Møre og Romsdal	718	284	137	19	.	6	120	434	380	45	.	6	.
Sør-Trøndelag	827	346	143	51	.	36	115	481	434	41	.	6	.
Nord-Trøndelag	488	195	94	21	.	28	51	293	268	16	.	8	.
Nordland	826	343	141	25	.	16	161	483	444	11	.	25	.
Troms	474	166	48	21	.	26	69	308	281	23	.	4	.
Finmark	386	189	42	12	.	11	124	197	177	10	.	9	.

Etter type plassering

	2010	2011	2012
Beredskapsheim	1466	1676	1967
Fosterheim (utanom familien)	4174	4367	4471
Fosterheim (familieplassering)	2012	2135	2198
Forsterka fosterheim (utanom familien)	4109	4407	4686
Forsterka fosterheim (familieplassering)	563	574	583

Ungdom i bolig med og uten oppfølging

	2012
Egen bustad/hybel	1165
Bustad med oppfølging	2104